



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Møteprotokoll for Radøy sokneråd

Tid: 04.02.2015 kl. 18:00 – 20:00

Stad: KYRKJEKONTORET

Frammøtte:

Simon Walther Grandahl	Leiar
Elin Irene Klausen	Medlem
Marta Grønstad Hvidsten	Medlem
Ludvig Grindheim	Medlem
Oddvar Egil Stang	Varamedlem
Kjell Johan Sekkingstad	Medlem

Forfall:

Gudrun Maria Solen Rikstad	Nestleiar
Kenth Remy Nesbø	Medlem
Britt Sissel Kvamme	Medlem
Silje Kristin Ellingsen	Medlem
Per Bjørkhaug	Varamedlem
Oddbjørg Dragøy	Varamedlem
Jostein Dale	Kommunal representant

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	
2015/1		(S) Soknerådsväl 2015	002.00
2015/2		(S) Fjerning av benkar og innkjøp av stolar i Hordabø kyrkje	411.0
2015/3		(S) Kyrkjelyden sitt årsmøte	012.1

Meldingar:

Feitetysdag - 17.februar.- Sæbø kyrkje kl. 19.

Manger kyrkje-

Tiltak: Soknerådet sine representantar får saman med øvrig prosjektgruppe for stabilisering av Manger kyrkje fullmakt til å velja konsultentselskap for arbeidet. Rapporterer tilbake til soknerådet.

Kyrkja i kommunereforma- Referert brev frå KA til fylkesmennene vedrørande inkludering av Den norske kyrkja.

KYRKJEKONTORET, 05.02.2015

2015/1 (S) Soknerådsva 2015

UTREDNING

I samband med kyrkjevalet er det viktig å ha ein plan for informasjonsarbeidet. Vi bør også arbeide målretta for å skape interesse og auka deltaking ved valet. Det må lagast ein enkel, konkret og målretta plan for alt informasjonsarbeid som skal gjerast i samband med valet.

I tillegg til arbeid inn mot ulike medier lokalt bør vi nytte kyrkjebladet Radar som ein aktiv måte å informere. På dei nye nettsidene til soknet er det allereie lagt ut ein god del informasjon om kyrkjevalet.

Ved valet i 2011 kom det inn 600 røyster til soknerådsvalet og 507 til bispedømevalet. Det er per januar 2015 registrert 3421 medlemmer over 15 år som kan røyste ved soknerådsvalet i haust. Ei målsetjing bør vere å auka valdeltakinga.

Det er rett nok ikkje alle røysteføre som er medlem i Den norske kyrkja, men til samanlikning kom det inn 2450 røyster ved kommunevalet og 2162 ved fylkestingsvalet i 2011.

Som i 2011 vert røystestadene samordna med kommunen sitt opplegg og det er ynskjeleg at kyrkjevalet er i umiddelbar nærleik til kommune- og fylkestingsvalet. Vala skal likevel vera klårt skilde frå kvarandre og kan ikkje vera i same rom.

Ved valet i 2011 valde soknerådet redaksjonsnemda for Radar som ansvarleg for informasjonen. I tillegg var William Kay med i gruppa. I valhandboka vert det tilrådd å velja ansvarlege og starta arbeidet med informasjonsplan innan 1.mars. Ein person bør vera informasjonsansvarleg og få hovudansvaret for å følge opp planen.

Soknerådet valgte i desember 2013 Ludvig Grindheim, Elin Klausen og Britt Sissel Kvamme til ny redaksjonsnemd for Radar. Silje Kristin Ellingsen har seinare gått inn i plassen til Britt Sissel Kvamme.

INNSTILLING

- Redaksjonsnemda for Radar har hovudansvaret for informasjonen. I tillegg vert William Kay med i gruppa.
- Ein person bør vera informasjonsansvarleg og ha hovudansvaret for å følge opp planen.
- Arbeidet med informasjonsplan bør starta innan 1.mars.

VEDTAK

- Redaksjonsnemda for Radar har hovudansvaret for informasjonen. I tillegg vert William Kay med i gruppa.
- Elin Klausen er informasjonsansvarleg og har hovudansvaret for å følge opp planen.
- Arbeidet med informasjonsplan bør starta innan 1.mars.

2015/2 (S) Fjerning av benkar og innkjøp av stolar i Hordabø kyrkje

UTREDNING

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø kom i 2013 med ønske om å fjerna nokre benkar i kyrkja og ertatta dei med lause stolar. I første omgang ville ein ta bort to benkar framme og ein bak på venstre sida (mot vest). Dei ville også ta bort tre benkar framme på høgre sida (mot aust).

Til erstatning for benkane ville utvalet at det vert kjøpt inn stolar av same type som i Manger og Sæbø kyrkjer. Fargar på stolar og trekk må tilpassast kyrkjerommet.

Saka var handsama i Radøy sokneråd 20.mars 2013, sak 8/2013. Soknerådet støtta ønsket frå kyrkjelydsutvalet og gjekk i tillegg inn for å ta bort fire benkar bak på austsida i kyrkja. Det vart sendt søknad til Bjørgvin bispedøme i samsvar med vedtak i soknerådet.

Prosten i Nordhordland tilrådde godkjenning og biskopen i Bjørgvin har godkjent søknaden i brev av 25.08.2014. Ein føresetnad er at nokre av benkane som vert fjerna vert teke forsvarleg vare på. Det må også søkjast om fargeval på stolane.

For å finansiera innkjøp av stolar har kyrkjelydsutvalet i Hordabø skipa til konsertar i kyrkja både i 2013 og 2014. Dei har også hatt marknad i 2013 og basar i oktober 2014. Til saman har dei fått inn kr. 95 529.

Kyrkja vart opna 5.august 1875 og har 140 årsjubileum i 2015. Kyrkjelydsutvalet vil gjerne ha på plass dei nye stolane til jubileet. Prisen er ca. kr. 2000 per stol. I tillegg kjem meirverdiavgift og frakt.

Kyrkjelydsutvalet ynskjer at det vert kjøpt inn 64 stolar og at soknet forskoterer det som manglar i forhold til den innsamla summen. Dei har planar om ny basar/utlodning som vil dekkja restsummen. Det manglar då ca. kr. 50 000 som dei ber soknet om å forskotera.

INNSTILLING

Det vert tinga 64 stolar slik kyrkjelydsutvalet i Hordabø ber om.

Soknet forskoterer det som manglar i forhold til innsamla sum, anslagsvis kr. 50 000.

MØTEBEHANDLING

I godkjenninga frå Bjørvinn bispedøme er det gjeve løyve til å ta bort seks benkar i samsvar med kyrkjelydsutvalet sitt opprinnelege ønske frå 9.januar 2013.

På spørsmål til rådgjevar for kyrkjekunst og interiør, Ragnhild Tveit, får vi opplyst at også tilleggspunktet frå soknerådet vedrørande å ta bort fire ekstra benkar er vurdert. Fagnemda for kyrkjekunst i bispedømet har handsama søknaden, men nemda si vurdering er at dei ikkje vil gå inn for at det vert tatt bort fleire benkar enn i kyrkjelydsutvalet sin opprinnelege søknad. Rådgjevar Ragnhild Tveit ber om orsaking for at dette ikkje er omtalt i tilbakemeldinga.

Soknerådet drøfta så kor mange stolar det vil vera trong for i kyrkja dersom ein tar bort seks benkar. Det er ikkje sikkert at vi bør fylla opp all ledig plass med stolar og vi må også ta omsyn til at kyrkja har avgrensa lagerplass for stolar som ikkje er i bruk.

Soknerådet vil gå inn for att det vert tinga 40 stolar i første omgang. Dersom det syner seg å

vera trong for fleire stolar vil det vera enkelt å supplere.

Når det gjeld fargeval ynskjer kyrkjelydsutvalet at stolane vert malt i farge "blågrøn" og putar i same farge som eksisterande putar. Soknerådet vil gjerne ha vurdert om ein bør nytta meir nøytrale fargar og ber om at kyrkjelydsutvalet ser på om det kan vera tenleg med meir nøytrale fargar på stolar og stoff.

VEDTAK

Soknerådet går inn for att det vert tinga 40 stolar.

Soknerådet vil gjerne ha vurdert om ein bør nytta meir nøytrale fargar og ber om at kyrkjelydsutvalet ser på om det kan vera tenleg med andre fargar på stolar og stoff.

2015/3 (S) Kyrkjelyden sitt årsmøte

UTREDNING

Alle sokn skal kvart år halda eit kyrkjelydsmøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering. Det årlege kyrkjelydsmøtet får såleis preg av å vera årsmøte for soknet, der rapporten frå soknerådet er grunnlag for debatt om planar og prioriteringar.

Kyrkjelydsmøtet er ikkje overordna soknerådet med mindre lova krev det, men møtet er likevel eit godt høve for å fremja deltaking og engasjement i lokalkyrkja.

Radøy sokn har vanlegvis halde møte i løpet av mars. Møta har vore i samband med ei gudsteneste, men det har også vore eigne møter på andre tidspunkt.

Det er ei utfordring å få kyrkjelyden til å møta på årsmøtet. Årsmelding og rekneskap er ikkje nok for å skapa interesse for møtet. I 2014 drøfta soknerådet kor vidt ein skulle velja ei anna ramme rundt årsmøtet. Det kan skapa større engasjement å ha det saman med ei anna hending for å få fleire til å delta.

Soknerådet må ta stilling til når møtet skal haldast og om det skal vera eit eige møte eller i samband med ei gudsteneste.

INNSTILLING

Saka vert lagt fram utan innstilling.

MØTEBEHANDLING

For å få meir engasjement og deltaking på årsmøtet vil soknerådet i år ha møtet i tilknytning til ein konsert i kyrkja. Etter konserten vert det kyrkjekaffi og årsmøte.

Vi tek sikte på å ha årsmøtet søndag 26.april kl. 18.00 i Manger kyrkje.

VEDTAK

For å få meir engasjement og deltaking på årsmøtet vil soknerådet ha møtet i tilknytning til ein konsert i kyrkja. Etter konserten vert det kyrkjekaffi og årsmøte.

Vi tek sikte på å ha årsmøte søndag 26.april kl. 18.00 i Manger kyrkje.